



SVEIO KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON
Postboks 40
5559 Sveio

Sakshandsamar::
Sissel Storebø

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Førde Vassverk

Kontrollnummer: 2021.213.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Frederik Aalo Flood
Tore Johann Enertvedt
Eivind Nesse
Torbjørn Larsen
Egil Misje

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Sissel Storebø
Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Førde Vassverk den 12.03.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 4 avvik og ga ingen merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Kommunen stettar ikkje alle vilkår i utsleppsløyvet
- Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø
- Kommunen har mangelfull handtering av kjemikal
- Farleg avfall blir ikkje levert i samsvar med regelverket

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Anette Heggøy
overingeniør

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SVEIO KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON	
Organisasjonsnr.: 974549360	Eigd av: 864967272
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert eining

Namn: Førde Vassverk	Anleggsnr.: 4612.0049.01
Kommune: Sveio	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling	
Løyve gitt: 30. november 1997	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- internkontroll med vekt på miljørisikovurderingar og tiltak for å redusere risiko
- avvikshandtering
- skriftlege rutinar relatert til drift av Førde vassverk
- krav i løyvet
- måleprogram og utsleppskontroll
- styring av vassverket/-innretningar/-utstyr
- lukt
- handtering av slam/vaskevatt
- handtering av kjemikal og substitusjonsvurderingar
- handtering av avfall og farleg avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Førde Vassverk pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Førde Vassverk innan 1. juni 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Sissel Storebø.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 2. mars 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av ressursbruk må Førde Vassverk betale eit gebyr på kr 20 300,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Kommunen stettar ikkje alle vilkår i utsleppsløyvet

Avvik frå:

Utsleppsløyvet etter forureiningslova frå 1997, punkt 1.3

Kommentar til løyve

Det er sett krav i løyvet om at vaskevatt frå den årlege hovudvasken av membranfilter må samlast opp og køyrast til godkjent stad for vidare handtering, jf. punkt 1.3 i løyvet.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Vaskevatt frå membranfilter vert ikkje samla opp. Vaskevattet blir i dag ført til fordrøyningstank før utslepp til elva. Det vart opplyst under tilsynet at hovudvasken på membranene vert gjennomført 2-3 gonger i året, ikkje ein gong per år som står i løyvet.

Avvik 2: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7
- Løyve etter forureiningslova, punkt 1.9

Kommentar til regelverket:

Internkontrollen skal sikre at kommunen overheld krava som er satt i forureiningslova, i produktkontrollova og relevante forskrifter. Både arbeidet med risikovurdering og rutinar skal vere skriftleg. Skriftlege rutinar bidrar til å sikre at alle ledd i organisasjonen har same informasjon.

Skriftlege rutinar

Kommunen skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

Arbeidsrutinar må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Risikovurdering

Kommunen må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderinga, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

Risikovurderingar skal gjerast jamleg, til dømes når det skjer endringar i kommunen, i utsleppsforhold og i regelverk eller ved skifte av utstyr og kjemikaliar.

I samband med risikovurderinga skal det utarbeidast ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak, med fristar for gjennomføring og ansvarleg for gjennomføring.

Avvikshandtering:

Kommunen må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Dette inneber blant anna å ha eit aktivt avvikssystem.

Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentakning av feil og manglar. Det er viktig at alt personell i alle ledd har ein felles forståing om kva som skal registrerast som avvik.

Avvik 2 er basert på følgjande observasjonar:

Kommunen har ein generell internkontroll. Kommunen har eit pågåande prosjekt med å revidere internkontrollen for vassverka i kommunen og Førde vassverk vil bli omfatta av denne. Hovudfokus for vassverket med omsyn til ytre miljø er det som går på vern av vasskjelda.

Internkontroll har manglar når det gjeld ytre miljø.

Skriftlege rutinar

Kommunen manglar prosedyrar knytt til ytre miljø, til dømes prosedyrar for

- handtering av farleg avfall
- substitusjon av kjemikal

Rutinar for farleg avfall skal sikre at alt farleg avfall blir handtert i tråd med gjeldande regelverk. Verksemda bør ha oversikt over alt farleg avfall som oppstår i drifta. Rutinane bør også innehalde opplysningar om kvar og korleis farleg avfall skal lagrast, merkast, leverast og deklarerast og kven som er ansvarleg for dette. Sjå avfallsforskrifta kapittel 11.

Kommunen har rutinar for handtering av klor og membranfiltrering og rutine for pluggkjøring av leidningsnettet. Vi ber om at desse rutinane vert oversendt til Statsforvaltaren.

Risikovurderingar

Kommunen har gjort ei risikovurdering, men risikofaktorar for ytre miljø for Førde vassverk er ikkje tatt med i denne.

Til dømes

- utslepp til elva ved skyljing og vask
- handtering av kjemikal og farleg avfall
- tekniske installasjonar

Lista er ikkje uttømmmande.

Manglande avvikshandtering

Avviksystemet til kommunen er ikkje aktivt i bruk, og det er ikkje registrert avvik på ytre miljø på Førde vassverk. Kommunen har ikkje definert kva som skal førast som avvik på ytre miljø.

Avvik 3: Kommunen har mangelfull handtering av kjemikal

Avvik frå:

- Produktkontrollova §§ 3 og 3a
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6

Kommentar til regelverket:

Substitusjonsplikta

Ei verksemd er sjølv ansvarleg for aktivt å vurdere dei kjemikaliane ein brukar. Mindre skadelege alternativ skal veljast dersom dette kan gjerast utan urimeleg kostnad og ulempe.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Manglande skriftleg dokumentasjon på substitusjonsvurderingar

Kommunen hadde ikkje kjennskap til produktkontrollova og substitusjonsplikta. Det er ikkje gjort substitusjonsvurderingar, eller laga skriftlege rutinar for substitusjon.

Avvik 4: Farleg avfall blir ikkje levert i samsvar med regelverket

Avvik frå:

Avfallsforskrifta kapittel 11 Farleg avfall, §§ 11- 8 og 11- 12

Kommentarar:

Avfallsforskrifta § 11-8 (levering av farleg avfall)

I verksemdar der det oppstår farleg avfall, skal avfallet leverast til verksemd som har løyve til å handtere avfallet i tråd med avfallsforskrifta §§ 11-6 (løyve til handtering av farleg avfall) og § 11-7 (unntak frå krav om løyve). Farleg avfall skal leverast ein gong i året. Leveringsplikta startar når den totale mengda overstig 1 kilo. Det vil ikkje sei at avfallet må leverast straks grensa på 1 kilo er nådd, men at verksemda har plikt til å levere minst ein gang om året.

Avfallsforskrifta § 11-12 (deklarering av farleg avfall)

Ved levering av farleg avfall skal verksemda gje tilstrekkelege opplysningar om kor avfallet har oppstått, om innhaldet og eigenskapane til avfallet, slik at den vidare handteringa kan skje på en forsvarleg måte ved deklarerering. Farleg avfall skal deklarerast via nettstaden www.avfallsdeklarering.no.

Avviket byggjar på følgjande

Det blei opplyst at verksemda leverer farleg avfall som olje og batteri til lokal miljøstasjon i Sveio. Kommunen deklarerer ikkje dette avfallet via nettstaden www.avfallsdeklarering.no.

7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- Pålegg/vedtak i korrespondanse mellom verksemda og Statsforvaltaren

8. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

9. Andre forhold

Revidering av løyve

Utsleppsløyve for Førde Vassverk er frå 1997. Anlegget har blitt utvida to gonger, sist i 2015. Reinseanlegget produserer i dag 1764 m³/døgn, som er over ramma i løyvet. Gjeldande løyve er ikkje i samsvar med dagens krav til løyve og må reviderast. Vi vil varsle kommunen når dette arbeidet blir starta opp.

Driftsinstruks

Kommunen opplyste at driftsinstruks for vassverket var utarbeidd. Vi ber om at innhaldslista vert sendt oss, saman med tilbakemeldinga på tilsynet.

Sikkerhetsdatablad

Kommunen opplyste at dei har oppdaterte sikkerhetsdatablad på kjemikaliane (klor, såpe og skyljemiddel) som blir nytta. Vi ber om at desse vert sendt oss, saman med tilbakemelding på tilsynet.